

Styremøte Sirdal bygdekinnelag 24.04.18

Til stades: Anita Haugen, Solveig Marie Ådneram, Tone Østtveit Kvinen,
Eva Marianne Tennfjord og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Karine Tjørhom Myhra

Sak 11/18: Innkomne saker/sidan sist

a) Politiet i Sirdal etter nærpoltireforma

Åse-Berit la fram avtalen om politikontakt mellom Sirdal kommune og Sør-Vest politidistrikt, og Tone og ho informerte om situasjonen nå. Det kom mange argument for at tilbodet i Sirdal må bli betre, og Åse-Berit skriv eit forslag som kanskje kjem tidsnok til det første møtet i politirådet, sjå vedlegg.

b) Energifestivalen 2018

Solveig Marie har trekt seg som leiar, og Merete Liland har overtatt. Me kom fram til at Sirdal bygdekinnelag stiller med kald rabarbrasuppe i år òg, og lagar ei utstilling for å få profilert bygdekinnene. Hugs krus av papp (sjølv om det er plast i mange pappkrus òg...)!

Påmelding: Åse-Berit

Ansvar suppe: Åse-Berit

Utstilling m.m.: Tone

c) Våronn i Sirdal 2. mai kl. 18.00 i Sirdal kulturhus

Solveig Marie og Stian har informert ungdomsskuleelevene på Sinnes, og Stian gjer det same på Tonstad. Bahati house trong hjelp til å baka to skuffekaker. Det ordnar Solveig Marie og Tone. Åse-Berit legg ut info på heimesida! Sjå elles sak 8/18.

Sak 12/18: Referat frå årsmøtet i RBK 2.-3. mars 2018

Åse-Berit og Solveig Marie informerte frå årsmøtet i RBK på Hjelmeland, der Astrid Hammersmark vart ny leiar og Solveig Marie vart val inn som vararepresentant. Saka om auka kontingen vart utsett til etter landsmøtet. Elles minna Åse-Berit om arbeidsplanen der me kan fokusera på verdas matvaredag 16. oktober (om bygg), tradisjonsmat.no og Kvinner UT. Det siste kan me kanskje samarbeida med folkehelsekoordinatoren om. Festmiddagen med lysbileteføredrag om nedlagde gardar ved mannen til (fylkes)kåna med stor K, Arne Kleppa, var interessant.

Sak 13/18: Landsmøte i Harstad 31. mai - 3. juni 2018

Solveig Marie er ein av 7-8 delegatar frå Rogaland, og vil arbeida mot auka kontingen!

Sak 14/18: Årsplanaktivitetar

a) Basaren 16. mars

Basaren gjekk greitt, med litt færre folk enn i fjar, men fleire ungar. Det er fint med eitt vaksen- og eitt barnebord, og det fungerte greitt med tre åresal. Sidan nokon trudde det vart fire åresal, er gevinstane som vart til overs sett på lageret på grendehuset. Alle medlemmar hadde eit oppdrag, men blir det færre nå, kan det bli vanskeleg å gjennomføra ein basar. Alle var ikkje like begeistra med å selja lodd. Er det lettare å selja lodda to saman?

Det kom inn 46 000 kroner, og Solveig Marie overrekte symbolsk sjekk på kr. 25 000,- på Sirdal skilag sitt årsmøte til hjartestartar. Anita avtalar overføring av summen med Kari Andersen.

Til neste år: Kr. 10,- pr. åre

Ein må ha kontroll på alt, m.a. årene, ei veke før!

Gevinstane må vera leverte seinast til kl. 13.00!

b) Ville vekster v/Eva

Eva hadde med skvallerkål- og ramsløksuppe, samt ramsløkpesto. Tusen takk! Ho ser for seg ein tur til Ytraberget på Røyneberg for å plukka skvallerkål og ramsløk, og tilbereda det til på Sinnes skule. Ein kan kanskje plukka løvetann, gaukesyre og hylleblomst òg. Åse-Berit lagar plakat:

Ville vekster 12. mai

Avreise frå GP kl. 11.00

Påmelding innan 9. mai til Eva

Pris: ???

c) Blometur til Wiig gartneri 31. mai v/Solveig Marie

Blometuren vert 31. mai med påmelding til Solveig Marie innan 28.

Avreise frå GP kl. 16.30

Sommarblomar, grønsaker og potter m.m.

d) Sommaravslutning 22. juni v/Karine og Solveig Marie, ev. Anita

Karine vil reisa ein stad for å eta god mat, t.d. Byrkjedalstunet, men erfaringane tilseier det kjem fleire om ein har det lokalt. Ein kan t.d. satsa på inkludering og føredrag av Sosan Asgari Mollestad på bygdetunet med grilling etterpå, men det skal vera bryllaup der den 23. Me bør få med folk på Tonstad ved å setja opp buss derifrå.

e) Årsmøte v/Solveig Marie

Ellen Marie Tesaker, kona til oppfinnaren på Gyland, har gitt ut bok om reparasjon av barnetøy, og ho kan kanskje koma på årsmøtet.

Eller omvendt? Solveig Marie og Karine ser kva dei ender opp med.

Sak 15/18: Miljøaksjonen 30. mai-2. juni

Perioden for å melda frå om innlevering av søppel er forlenga, men fleire har allereie meldt inn ting dei vil ha hjelp til å fjerna.

Bygdekvinnelaget plukkar søppel saman 1. juni frå Haugen til Kvæven kl. 18.00-19.30, og utfordrar andre til å gjera det same (andre stader). Møt opp ved bygdetunet 17.50! Eva ordnar hanskar og sekker frå IRS.

Sak 16/18: Nye innbuarar

Åse-Berit besøkjer Åsne Lilledrange og Johan Fjeldsaa

Sak 17/18: Anna

Innspel til aktivitetar:

- Vinkveld
- Damenes aften
- Inkludering

Nokon meiner at lesesirkelen bør opnast opp for alle, men noko må vera litt eksklusivt for medlemmar...

Nytt møte: Tysdag 21. august kl. 19.00 på personalrommet Sinnes skule;

- Organisasjonskurs på nett
- Verdas matvaredag 16. oktober - BYGG
- Verving